

Det ligg an til ein stor låvedans-kveld på Dønhaug i dag med Stavangerensemblen og Terje Frigaard Bluesband.

- Det er meldt fantastisk flott vær så alt bør liggja til rette for ein fin kveld med topp musikk, seier Magne Huglen til uskedalen.no.

Han fortel at førehandssalet er godt og at billettane vil liggja ute på salsstadene til klokka 13. Det var også bli seld billetter i porten frå klokka 20. Det blir sal av ymse slag grillmat.

Musikken startar 21 med Terje Frigaaard Bluesband, som spelar fram til Stavangerensemblen entrar scenen mellom 22 og 22.30. Når dei har spela ferdig overtar Frigaard att og spelar fram til slutt klokka 01.00.

Det blir sett opp bussar både innover og utover kl.01.20 frå Kjærlandsvegen og i tillegg vil det gå ein buss utover kl.01.45 frå sentrum